

AVTALE OM FAGBREV PÅ JOBB

Avtalen er mellom bedrift og kandidat og er grunnlag for oppretting av kontrakt for fagbrev på jobb.

Namn på lærefag:	Ønska startdato for fagbrev på jobb:
------------------	--------------------------------------

Namn på kandidat:	Fødsels- og personnummer:
Adresse:	Postnummer og poststad:

Telefon / mobiltelefon:	E-post:	Heimstadkommune:
-------------------------	---------	------------------

Bedrifta/opplæringskontoret sitt namn (må være godkjent lærebedrift):	Organisasjonsnummer.:
---	-----------------------

Eventuell medlemsbedrift:	Organisasjonsnummer:
---------------------------	----------------------

Fagleg leiar:	Fødselsdato:
---------------	--------------

Ansvarleg leiar:	Fødselsdato:
------------------	--------------

Kontaktperson:	Telefon / mobiltelefon:
----------------	-------------------------

Nødvendige vedlegg:

- Vitnemål/kompetansebevis på alt av skulegong.
- Dokumentasjon på praksis (attest frå arbeidsgjevar o.l.).

(Kandidatar for fagbrev på jobb må ha minst eitt år allsidig praksis i lærefaget før kontrakten kan teiknast).

Eventuell realkompetansevurdering

Kandidatar for fagbrev på jobb kan be om å få realkompetansevurdering av praksisen sin. Det kan gje ytterligare godskriving av læretid. Denne vurderinga er gratis for kandidatar med opplæringsrett (sjå opplæringslova § 4A-3). For andre kostar det 6.000-12.000 kr og eventuelt reiseutgifter.

Ønskjer du å bli realkompetansevurdert i høve kompetansemåla i læreplanen for faget (sett kryss):

Ja

Nei

Alle felte må være utfylte før avtalen blir sendt vidare for handsaming.

Dato Underskrift for bedrifta

Dato Kandidatens underskrift

Retningslinjer for fagbrev på jobb

Fagbrev på jobb er ein alternativ veg til fag- og sveinebrev for vaksne som er i arbeid.

Fagbrev på jobb blei vedtatt i Stortinget 24. mai 2018. Det er ei ny ordning for å få fleire ufaglærte arbeidstakarar til å ta fag-/svennebrev.

Målgruppa er vaksne i arbeidslivet som har fullført grunnskulen eller tilsvarande opplæring. Kandidaten er arbeidstakar i den bedrifta dei har teikna arbeidsavtale med, med dei rettane og pliktane som følgjer av lover og tariffavtaler. Dei skal ha full løn i heile læretida. Arbeidsforholdet fortset når kontraktstida er avslutta.

Kandidatar for *fagbrev på jobb* må i løpet av læretida bestå same eksamen som for praksiskandidatar og lærlingar med full opplæring i bedrift.

Bedrifter som inngår kontrakt med kandidat til *fagbrev på jobb*, må være godkjent lærebedrift og får utbetalt basistilskott II frå fylkeskommunen.

For kandidatar som ønskjer teoriopplæring frå fylkeskommunen, vil det medføre ein kostnad som blir trekt ved utbetaling av tilskot til bedrifta.

Kontrakt for *fagbrev på jobb* skal opprettast når læreforholdet tek til.

Signert avtale med vedlegg skal sendast til:

post@sfj.no

eller

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Opplæringsavdelinga

Askedalen 2

6863 Leikanger

Forskrift til opplæringsloven § 3-56:

«Samla krav til praksis før fag- eller sveineprøve for kandidatar for fagbrev på jobb

For kandidat for fagbrev på jobb, er det mogleg å ta fag- og sveineprøva på grunnlag av allsidig praksis og opplæring. Samla krav til praksistid og opplæring før fag- eller sveineprøva skal ta utgangspunkt i lengda på lærefaget. For dei fleste faga vil det seie fire år i heiltidsstilling. Fylkeskommunen avgjer om den praksisen kandidaten viser til, kan godkjennast.

Før teikning av kontrakt, skal det stillast krav om minimum eitt års allsidig praksis i faget i heiltidsstilling. For kandidatar som ikkje har hatt heiltidsstilling, må praksisen reknast om til 100 prosent stilling. Ein stillingsbrøk på 80 prosent godkjennast som heiltid.

Når ein teiknar kontrakt, skal det gjerast frådrag for det året med praksis som er kravd, og for eventuell realkompetanse, før ein inngår kontrakten. Det er likevel eit krav om ei minste kontraktstid på eitt år.»